



Fyresdal kommune
Sektor for plan og teknikk

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Melding om vedtak

Dykkar ref:

Vår ref
2016/1018-13

Saksbeh:

Einar Mikkelsen, 35067132
einar.mikkelsen@fyresdal.kommune.no

Arkivkode:

S11

Dato:

22.09.2017

Uttale til Bergesåi kraftverk

Syner til vedlagte særutskrift/uttale

Med helsing

Einar Mikkelsen
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift



Fyresdal kommune

Arkiv: S11
 Saksmappe: 2016/1018-7
 Saksbeh.: Einar Mikkelsen
 Dato: 23.08.2017

Saksframlegg

Uttale til Bergesåi kraftverk

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for plan og miljø	26/17	19.09.2017

Endeleg vedtaksrett i saka har: PM-utvalet

Dokument i saka: Søknad og utgreiing
 Høyringsbrev NVE

Bakgrunn for saka:

NVE har motteke søknad frå fleire søkjarar om løyve til å byggje 4 småkraftverk i Fyresdal kommune. NVE ber høyringspartane om å vurdere kvar sak for seg, men òg alle sakene samla. Denne saka gjeld Bergesåi kraftverk i Hauggrend.

Komplett søknad ligg her:


<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201307685/2032483>

Kommunen var på synfaring med høyringspartane i veke 36.

Vurdering:

Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2017 – 2020, arealforvaltninga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar.

Det er uheldig at det kjem 4 saker samla frå NVE, når det tillegg er høyringsfrist i sommarferien. Opprinneleg høyringsfrist var 25.08.2017, men det er søkt om og gjeve utsetting av denne fristen til 9.09.2017, dette for å kunne ha sakene i PM-utvalet.




Kraftverket vil nytte eit fall på 240 m i Bergesåi, frå inntaket på kote 610 til kraftstasjonen på kote 370. Vassvegen vil bli 3100 m lang, og er planlagt nedgrave på nordsida av elva. Det vil ikkje bli bygd nyveg til inntaket, men det må byggjast 300 m ny veg inn til kraftstasjonen.

Middelvassføringa er 760 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 1,9 m³/s. Det er søkt om å regulere Røyningvatn mellom kote 948,5 og 950. Røyningvatn liggje i Kviteseid kommune, medan kraftverket vil liggje i Fyresdal. Kraftverket vil ha ein installert effekt på 3,5 MW, og vil etter planane produsere 10 GWh årleg. Det er planlagt ei minstevassføring på 16 l/s heile året.

Kommunen har vore på synfaring saman med utbyggjar. Det eksisterande Rui kraftverk ved Sagfossen vil ved utbygging bli sanera.

Inntaksdammen er tenkt plassera i Røyningdalen der turstien til Roan krysser Bergesåi. Dammen blir omlag 3m høg og 35m lang, den skal utformast slik at turstien får ein trygg passering av elva.



Rørgata skal gravast ned og fylgjer til dels Røyningdalsvegen før den gjeng ned til kraftstasjonen ved Bergesåi.

Det er lagt ved konsekvensvurdering av Rådgivende Biologer As, denne er grundig og syner at samla belastning for området er middels stor.

Tema	Verdi			Virkning					Konsekvens
	Liten	Middels	Stor	Stor neg.	Middels	Liten / ingen	Middels	Stor pos.	
Rødlisterarter	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Middels negativ (-)
Terrestrisk miljø	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Middels negativ (-)
Akvatisk miljø	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Middels til liten negativ (-/-)
Verneplan for vassdrag/nasjonale laksevassdrag	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Ubetydelig (0)
Sammenhengende naturområder	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Liten negativ (-)
Landskap	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Middels negativ (-)
Kulturminner og kulturmiljø	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Liten negativ (-)
Jord- og skogressurser	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Liten negativ (-)
Ferskvannsressurser	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Liten negativ (-)
Brukerinteresser	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Middels til liten negativ (-/-)
Reindrift	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	----- ----- -----	Ubetydelig (0)

Konsekvensvurderinga seier vidare at tiltaks- og influensområdet langs Bergesåi er allereie belasta med ein del tekniske inngrep. Til tross for ulike terrenginngrep har store delar av heia mellom Fyresdal, Nisser og Vråvatn eit urørd preg. Med omsyn til biologisk mangfald vurderast tilhøva langs Bergesåi å representere eit gjennomsnitt for små sidevassdrag i denne regionen. Bergesåi kraftverk vil kome i tillegg til andre kraftutbyggingsprosjekt i regionen. Samla belastning vurderes da å være middels stor.

Som avbøtende tiltak er det anbefalt at minstevannføringen økes, spesielt i sommersesongen. For fossefall bør det vurderast å sette opp rugekasser i små fossefall som får mindre vatn.

Konklusjon:

Kommunen har vore på synfaring saman med utbyggjar og finn at prosjektet gjer meir nytte enn ulempe når ein ser samla på prosjektet. Ein ser ikkje at det i dette høvet er så store inngrep at ein skulle gå imot desse utbygginga. Det er viktig at utbygginga vert gjort med god terrengtilpassing og at ein får ein god revegetering. I tillegg sjå på avbøtande tiltak som er omtala i konsekvensvurderinga.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune er positiv til utbygging av Bergesåi kraftverk, men rår til at avbøtande tiltak med auka minstevassføring i sommarsesongen og rugekasser for fossefall vert vurdert.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 19.09.2017

Fyresdal kommune er positiv til utbygging av Bergesåi kraftverk, men rår til at avbøtande tiltak med auka minstevassføring i sommarsesongen og rugekasser for fossefall vert vurdert.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Einar Mikkelsen
	senioringeniør